



www.voss.kyrkja.no

Nr 5 | 2021 | 80. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene

VINNAR AV TEIKNEKONKURRANSSEN!



3 GRØN
KYRKJELYD

4 STØLSMESSE
PÅ TJØDNAR-
HOVDEN

7 BORNA
SINE EIGNE
SIDER



DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hitt kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjenytt:

Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss Kyrkjelege Fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Einar Melve og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene vert give ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss Herad.

Kyrkjecontoret på Voss:

Kyrkjecontoret er no ope for besøkande att. Opningstider er 09:00 - 15:00 alle dagar utanom onsdag, då er opningstida 10:00-15:00. Me er framleis tilgjengelege både på telefon og e-post, sjølvsgart.

Har du behov for å snakke med nokon, ta kontakt!

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Telefon 56 52 38 80

www.voss.kyrkja.no

E-post: post.voss@kyrkja.no

Kontonr: 3480.16.45293

Gravplassadministrasjonen i Voss herad har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjecontoret), tlf 56 52 38 80. Leiar er kyrkjeverje Svein Tøsse, mobil 959 79 905.

Voss kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjeverje Svein Tøsse

tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no

Kontorleiar Vibeke Lemme

tlf 922 45 274. E-post: vl454@kyrkja.no

Kateket Rønnaug Eng Skjeldal

tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeiar Åshild Bøe

Kharazmi, tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog Camilla M Velsvik

tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no

Diakon Sigrid Djukastein Mala

tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no

Ungdomsprest Vetle Leksbø

tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no

Kantor Astrid Gjestvang

tlf 958 56 414. E-post: ag678@kyrkja.no

Organist Frode Vik

tlf 952 62 084. E-post: fv586@kyrkja.no

Organist Ellen Marie Selland Geithung

tlf 980 64 594. E-post: eg395@kyrkja.no

Kyrkjetenar på Bolstad Anny Forthun

tlf 481 36 520

Kyrkjetenar på Evanger June Mykkeltvedt

Kyrkjetenar på Voss Thomas Velsvik

tlf 414 75 383

Kyrkjetenar Granvin Ingvild Baartvedt, tlf

468 98 970

Gravar Vidar Bryn

tlf 996 00 940

Oppsynsmann for kyrkjegardane Hege

Ukvitne, tlf 918 74 201

Redaktør i Kyrkjenytt Randi Kløve

tlf 952 06 177. E-post: rk858@kyrkja.no

Kontormedarbeidarar Idunn Holen og

Lene Brunborg.

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss, og fung.

sokneprest i Voss Arild Hellesøy

tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no

Sokneprest i Ulvik og Granvin Magnar Haaland

tlf 415 46 366. E-post: mh977@kyrkja.no

Sokneprest i Vinje, Oppheim og

Raundalen Cato Torsvik

tlf 974 23 459. E-post: rt682@kyrkja.no

Sokneprest i Evanger og Bolstad Frode Kvamsøe

tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no

Prostiprest Arnulf Sandvik

tlf 416 75 653. E-post: as794@kyrkja.no

Prestevikar Bengt Arvidsson

tlf 902 58 161

Soknerådsleiarar:

Evanger: Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

Voss: Bjørg Helland, tlf 938 56 326

Oppheim: Monica Gudrun Hansen,

tlf 957 58 204

Vinje: Ståle Hirth, tlf 950 81 902

Raundalen: Johnny Lemme, tlf 401 82 912

Granvin: Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

Bilete på framsida:

Jørgen Håland, Unsplash.com

Neste nummer kjem i veke 43. Frist for melding om stoff er torsdag 7. oktober.

Vinnar av teiknekonkurransen vart Solie Maria Trå Palmkvist på 8 år frå Skulestadmo. Ho har teikna ei flott sommarstrand med bølger, fuglar og flotte krabbar. Premie kjem i posten!

Innovasjon

Tekst: Kari Bye

Å skapa samfunnsendring

“Emne gut, det lyst du ha,” hugsar eg han farfar sa....» Det sa diktaren Olav Aukrust i ei anna tid. Då levde me nærmere naturen. I ei ny tid har me fått eit anna forhold til naturen. Me forstår at skapingshistoria vår er ikkje noko som hende ein gong for lenge sidan og vart avslutta der. Skapinga er ein kontinuerleg prosess, med menneske som medspelarar. Me har skapt mykje, og bruktemne av alle slag i naturen vår, men me har ikkje vore «den trufaste hushaldaren», og det har me begynt å oppleva konsekvensane av. Menneske har brukt ressursane på jorda utan å sjå ansvaret som medskapar, at me er både ein del av det skapte, og forvaltar av det skapte.

Alt Gud har skapt ber i seg kraft til fornying og forvandling. Den krafta har me i oss som Guds skapande medarbeidarar, for vekst og framtid. Gud skapar gjennom menneske. Me har den fysiske kroppen vår, vår synlege jordiske form, og me har pusten vår, usynleg åndedrag frå himmelrommet, som gir liv til kroppen vår og alt det skapte. «Du sender din Ande, og liv vert skapt, heile jordflata nyar du opp att,» les ein i Salme 104.

Kvar av oss har sine livsoppgåver, å odla fram det som bur i oss. Det gjer ein ikkje utan sams spel med natur, omgjevnad og andre menneske. På framsida av eit nyttig lite hefte, «Miljøval i kvardagen», er det teikning av ein som står fram med eit oppgitt uttrykk og seier: «Eg kan ikkje gjera noko aleine...» Bak han er det ein stor flokk med same uttrykk som seier: «Ikkje eg heller....» Heftet er eit samarbeid mellom Voss Kommune, Indre Hordaland Miljøverk, og Voss Naturvernlag som kom ut i 2003. Men det er slett ikkje foreldal! Interessant å sjå samfunnsendring me har hatt i tida sidan, kor mykje meir

me forstår no enn me gjorde då, og kor mykje me har samla oss om for å skapa endring.

Samarbeid og gode relasjonar mellom menneske er grunnlag for å skapa samfunnsendring i berekraftig retning. Men det er først og fremst menneske sitt medvit og vilje til handling som er starten på endringsprosessar. Ein viktig faktor for dette er læring. I bygda vår har me fått nye skular utan sløydsal. Kunstfag og verktøy er ikkje rekna som interessant aktivitet, i beste fall til terapi i spesialpedagogikk. Men det viser vel nett kor mykje det har å seia for menneske si utvikling. Norsk Kunsthåndverksskule på Voss vart nedlagt, og me heldt på å mista den skapande delen av tilbod på gymnasnet. Elevane er ikkje interesserte, vart det sagt. Og det er forståeleg, når slike fag heile tida vert nedvurdert i samfunnet.

Det er ikkje slik at alle andre fag er berre teori, men det er snakk om å odla fram menneske sitt sams spel med skaparevne, verktøy og materiale. «Hånd og ånd», som Hans Nielsen Hauge fremja, og han kan ein læra av. Han skapte vel meir samfunnsendring i si tid enn noko einskild menneske i landet vårt har gjort, i medvit og berekraftig utvikling i kultur og næringsliv. Skaparevna finst i eit folk, spørsmålet er om den blir kalla fram. Er det ikkje eit haltande samfunn som har mist handlingsboren kunnskap og menneske med kjennskap til verktøy og materiale?



Meir innsikt når det gjeld varer som er i handelen, å reparera og ikkje kasta, mindre forbruk og klokare forbruk, det kunne verta betre forvalting av vår materielle kultur. Det er mykje snakk om innovasjon, om nyskaping og utvikling. Skal det verta berekraftig innovasjon, må me ha eit livssyn som byggjer på det. Å forvalta skaparverket, er ikkje det eit livssyn me kan ha eit forhold til?

Tradisjonell Stølsmesse i Oppheimsdalen



Tekst: Heidi Hisdal

Bilete: Jan-Ove Nordvik

Sundag 15. august holdt Oppheim og Vinje kyrkjelyd si tradisjonelle stølmesse på Tjødnarhovden hjå familien Sundsvoll. Heile 14 år har denne tradisjonen vart no. Eigentlig er tradisjonen mykje eldre, men den «låg nede» fra 1991 til 2007. Familien Sundsvoll organiserte alt rundt stølsmessa med bord, stoler, telt og ein riktig god drivle som dei hadde laga på tradisjonelt vis.

Rundt 70 mennesker i alle aldrar drog til fjells og messe denne dagen. Preika stod Cato Torsvik for og med seg hadde han Gudmund Furu som stod for det musikalske.

Oppheim og Vinje Sokneråd stod for velsmakande grillmat som kjekke konfirmanter tilberedte på mesterlig vis. Britt Lunde stilte på kort varsel og kokte rømmegrauten. Soknerådet stilte med hjemmebakst som ble fortært etter grillmaten



sammen med kaffi, te og saft for dei yngste.

Denne sundagen var ein av dei få dagane denne sommaren som stilte med dårlig vær. Rundt 12 grader og regn la heldigvis ikkje mykje demper på hesteskokastinga som gjekk av stabelen både for store og for små. Premien for beste kaster var ein pose Twist både for dei i vaksen klasse og for dei i den yngre klasse.

Dette er ein fin tradisjon og Oppheim og Vinje kyrkjelyd vil rette ein stor takk til familien Sundsvoll og til alle frivillige som gjer dette arrangementet mogeleg år etter år.

DÅP I DEN NORSKE KYRKJA

Slik føregår barnedåp hjå oss:

- 1. Foreldre/føresette** melder barnet til dåp, helst via nettsida vår.
- 2. Presten** tek kontakt for å avtale ein samtale, ofte nær dåpsdatoen.
- 3. Dåpssamtalen** er eit uformelt møte der ein vert kjend med kva dåp er og kva kyrkja tilbyr vidare i livet.
- 4. Dåpen.** I dåpen vert barnet Guds barn, medlem av Den norske kyrkja og tatt i mot av kyrkjelyden.
- 5. Dåpsattest** er eit dokument foreldra får som viser at barnet er døypt.



Me ynskjer alle **velkomne til dåp** hjå oss, og me står gjerne til teneste, t.d. kan ein låne dåpskjole hjå oss (sjå bilete). Ta kontakt på tlf 56 52 38 80 eller sjå på nettsida www.voss.kyrkja.no/dåp

Kyrkjeakademiet

Kyrkjeakademiet har ikkje hatt noko samling no på vel 1 år - dette pga koronaepidemien og smitteforholda.

No tenkjer me å prøva att, og har planlagt eit møte i Vonheim **onsdag 6. oktober kl 19:00** der temaet nettopp vil vera Covid-19-pandemien og tankar/refleksjoner omkring denne. Til å ta oss med inn i dette emnet har me fått med oss Vidar Pettersen. Han er sjukeheimsoverlege ved Gullstøltunet i Bergen, og vart sjølv smitta av dette viruset heilt i starten av epidemien - tilliks med ei rekke pasientar på sjukeheimen - der fleire også døydde.

Han vil fortelja om epidemien og korleis dette snudde opp ned på behandlingssituasjonen, smittevernustyr som skremte/forvirra pasientane, stopp i besøk av pårørende, dødsfall blant medpasientar og sjølsagt frykt både hjå pas. og tilsette for å verta sjuke og kva dette kunne føra med seg av alvorlegare hendingar. Etter kvart kom også nedstenging av samfunnet og betydelege innskrenkningar i det sosiale liv - noko me ikkje hadde kunna sett for oss berre kort tid på førehand. Ein slik alvorleg verdensomspennande epidemi hadde me ikkje kunna forestilt oss - og kva gjer dette med oss? Han vil også sjå det i eit bibelsk perspektiv der det alt for 2000 år sidan var snakk om endetider og store verdensomspennande hendingar som kunne påverka våre liv. Vel møtt til ein interessant kveld i ei spennande og usikker tid.

Bernt Daltveit - for Voss Kyrkjeakademi

Besøkstenesta

Kyrkjelyden driv ei organisert besøksteneste i bygda, og er for deg som bur heime og ynskjer meir sosial kontakt eller ikkje lenger kjem deg så mykje ut.

Besøksven kan være: ein å snakke saman med, gå ein tur saman med, gå på bibliotek eller konsert, følgje til butikk eller lege, og er ein som har god tid. Ein og same besøksven kjem fast heim til deg etter avtale de saman har laga, og besøksven har teieplikt.

Du er velkommen til å ta kontakt med diakonen om dette kan være noko for deg!

Diakon Sigrid Djukastein Mala tlf. 47 84 91 34 eller mail: diakon@voss.kyrkja.no

Er du ein ny besøksven?

Kyrkjelydens besøksteneste er ei stor gruppe frivillige som besøker menneske som bur heime og som har meldt inn at dei ynskjer besøk av nokon fast.

Besøkjarane vert kursa og fylgt opp av diakonen. Og har teieplikt.

Gjer noko meiningsfylt i fritida di og vert ein besøksvenn!

Det er behov for fleire besøksvennar og det er mange som hadde vore glade for å få besøk!

Så ta kontakt!

Anders tek permisjon

Frå midten av september 2021 går sokneprest Anders Hove ut i eitt års permisjon. Anders og kona Elisabeth set kurset mot Oslo. Elisabeth skal ta til i ei stilling som seniorrådgjevar på MF vitenskapelige høyskole, medan Anders det neste året skal vere vikar for kapellanen i Bakkehaugen, Majorstuen og Vestre Aker menighet. Dei skal bu på Ellingsrud, og gler seg til å bu nærmare familie. Anders fortel om to flotte år på Voss så langt, der samarbeidet med friviljuge og staben på kyrkjekontoret har vore flott.

Me ynskjer Anders og Elisabeth lukke til i Oslo, og håper me ser dykk attende på Voss snart!



Misjonsprosjektet



Nytt frå Etiopia

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

NMS har mykje av arbeidet sitt i Vest-Etiopia. I det siste har det vore aukande uro i dette området. Menneske vert drivne på flukt, hus vert brende og åkrane vert ikkje sådd før regntida. Enkelte har også tatt til våpen mot eigne og andre grupper i frustrasjon over å ikkje bli høyrd og sett. Medan det tidlegare var konflikter mellom dei ulik etniske gruppene, er det no aukande spenning mellom myndighetene og geriljaen.

Innbyggjarane ser ikkje håp for framtida. Dei manglar arbeid, mat, elektrisitet og tilgjenge til sjukehus. Verknaden av korona-pandemien merkast godt også i Etiopia. Prisane på mat er auka. Dermed ferre måltid pr dag for folket. Myndighetene vil likevel ikkje stengja ned. Matmangelen ville i så fall ta fleire liv enn pandemien.

I Kamashi i Blånildalens fører uroa til at innbyggjarane havnar i skotlina under flukt. Hus vert brende og husdyr drepne eller stålne. Det fører til frykt og svolt. Likevel gjer ungdomssenteret i Kamasji det mogeleg å nå fram til menneske i naud på kort varsel. Kyrkja i Etiopia ber om hjelp til å førebyggja hungersnaud.

Be om at folket i Etiopia må få mathjelp og at uroa mellom folka må stilna.

Takk til alle som støtta det viktige misjonsprosjektet.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia. Misjonsprosjektet har eigen Vippskonto: 505877. Det er også mogeleg, i denne svolsituasjonen, å støtta «Spleis». Gå då inn på: www.spleis.no/project/181418



Nedbrent hus i Kamashi. Foto frå Etiopia-bloggen, NMS

Kyrkjekaffi i Vangskyrkja

I Soknerådet er det ei nemnd som lagar kaffi med noko attåt til kyrkjekaffien etter gudstenesta. Nemnda lagar til ca. ein gong i månaden. Det er ei kjekk nemnd å vera med i, og det hadde vore flott å vere fleire. Så kan du tenkja deg å hjelpe koka kaffi og bake ei kake av og til, ta gjerne kontakt med Diakon Sigrid Djukastein Mala 47 84 91 34.



[f Trusopplæringa i Voss](#)

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna informasjon om komande T-dagar, reportasjer frå det som har skjedd, oppgåver og konkurransar.

Vossestrand

Før sommarferien hadde me T9, "På sporet av Heilag Olav" på Vossestrand.



Me starta i Oppheim kyrkje der me møtte sjølvaste "Heilage Olav".

Så hadde me pilegrimsvandring til Vinje, via "mor si grav" og den gamle kongevegen.

Pilegrimsturen enda opp i sælestova til Ivar Husdal, der det var fyr på grua og deilige vafler å få.

Me song, leika, prata, fann sjokoladetre og lærte masse om pilegrimar, kongevegen og om Heilag Olav.



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

T₁₂ / T₁₃ Vossestrand



På Vossestrand er tolv- og trettenåringane miljøagentar. Skaparverket er fokuset, og korleis me på best mogeleg måte kan ta vare på den flotte jordkloden vår. Me lærte korleis me kan rense både oljesøl og gjørmevatn gjennom å sjølve gjere det i liten skala. Dette gjorde me fredags ettermiddag. På søndag deltok me på gudsteneste der prest Cato utfordra med oppfølgingsspørsmål frå fredag. Prost Arild tok opp tråden i preika si, og fortalte oss kva som skjedde då det ved han si hytte var eit skikkeleg oljesøl. Kva dette gjorde med fuglar, fiskar og med havbotnen.

Konklusjonen på heile T12 og T13 er at me har ein fantastisk planet som me må ta vare på. Og gjer me det så kjem det til å gå bra!



REFLEKS TEN SING
HAR STARTA OPP!
I VONHEIM TORSDAGAR KL. 18-20

MELLOM 13 OG 19 ÅR?
BLI MED!



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus fortalte ei likning om ein sau som hadde gått seg bort. Gjetaren leita heilt til han fann att saunen. (Teikning: Trevor Keen)



Finn fem feil

Då gjetaren fann saunen, blei han så glad at han holdt ein fest! Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Trevor Keen)



Gje barnebladet
BARNAS til
eit barn du er
glad i!

Desse oppgåvene er
henta fra bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



Vitser

- Eg trur eg snart skal få ein bror!
- Kvifor trur du det?
- For kvar gong mamma har vore på sjukehuset, har eg fått ei søster.
- Ja, og så?
- Jau, no er pappa på sjukehuset ...

- Skal eg dele pizzaen i fire eller åtte stykke? spurde servitøren.
- Berre fire, takk. Eg trur ikkje eg orkar åtte.

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

Jeg går i tusind tanker – Hans Nielsen Hauge – turné

Tekst: Astrid Gjestvang

I 2021 er det 250 år sidan Hans Nielsen Hauge vart født. Dette blir òg markert i kyrkjelyden på Voss på ulikt vis.

22. september får me besøk i Vangskyrkja av Frode Skag Storheim som vil fortelje om Hauge, samtida hans og framføre musikk knytt til dette. Frode Skag Storheim er både organist og pianist og ein dyktig forteljar. Til dagleg er han lærar ved musikklinja på Voss gymnas.

Me finn denne omtalen av programmet på nettsidene til Bergen kirkeautunnale:

250-årsjubilanten Hauge la vel 1500 mil bakom seg, hovudsakleg til fots, då han forkynnte trua si, danna eit venesamfunn og bidrog til ei eventyrlig handels- og industriverksemd tidleg på 1800-talet.



Frode Skag Storheim



Måleri av Adolph Tidemand: Haugianerne Worm-Petersen, Severin / Norsk Teknisk Museum / CC BY

Men kven var han? Og kva uttrykk var han for si tid? Frode Skag Storheim tek oss med inn i Hauge si verd gjennom historie, kunst og musikk: Her får me sjå koreleis Hauge var eit uttrykk for ei gryande romantisk rørsle, kor individet kunne reise seg mot overmakta og forkynne nye idear – både religiøse og praktiske. Det blir verk av mellom anna Grieg, Beethoven og Egil Hovland, og konsertforedraget skal i beste Hauge-ånd på turné til fleire stader kor gjerninga hans sette varige spor.

Denne turneen er del av ei større Hauge-markering i regi av Bjørgvin bispedøme, i samarbeid med Bymuseet og ei rekke andre aktørar.

Seniortreff

Velkomen til nye seniortreff i Vonheim i haust!

Tysdagar kl. 12.00 – 14.00.

På programmet vert det varierte kulturelle innslag og tema, andakt og allsong, eit godt måltid og ein god kopp kaffi med litt å bite i rundt fint pynta bord og godt selskap.

Pris kr.100,-

Har du bruk for skyss har me kjekke skysskarar som både kan hente og bringe deg.

Ring 478 49 134, gjerne kvelden før.

21. september kl. 12 -14

12. oktober kl.12 -14

9. november kl. 12 -14

7. desember kl. 12 -14

Hans Nielsen Hauge 250-års jubileum. Strikkeprosjekt. Med Ivar Molde.

Ynskjeconcert med Odd Hagen.

“Dugurdskvile av Prøysen”. Kantor Astrid Gjestvang.

Ikkje fastsett enno.

SAMTALEGRUPPER FOR GODT VAKSNE

Tekst: Brit Furre

Sidan 12. mars 2020 har Noreg vore eit anna slags land enn det vi kjente frå før. Landet vart stengt ned, og i skrivande stund ventar vi på 4. trinn i gjenopning av landet. Denne tida har skapt mykje einsemd for mange. Vi har hatt omsut for ungane og ungdommane våre. Digital kommunikasjon som har vore kjekt, vart einaste kommunikasjonsmogelegheit for å treffen venner i ein klubb eller organisasjon. Ungdomsleiarar kan fortelje om datatrøytteik mellom dei unge, og saknet etter å møta fysisk vart stort. Mange vaksne har hatt heimekontor, og noko innskrenka sosialt liv.

Kva så med livet for pensjonistar og eldre?

Ja, kva med oss, pensjonistar, som har brukbar helse, kanskje nettopp slutta i jobb og saknar alle sider ved jobben. Ikkje berre struktur i kvardagane, men og det sosiale. Småprat, og kanskje fagprat, er viktig for mange. Som pensjonist får ein god tid til å dyrka hobbyar, men når hobbyen vert hovudgeskjeft og ikkje avkopling, vert det heller ikkje like kjekt i lengda. For nokon kanskje mykje tid til å tenkje, men få å dele dei med?

Som diakon har Sigrid lenge sett behovet for ta opp ulike tema knytt til overgangar i og gjennom livet. Tema vi kan ta opp kan vera korleis det er å gå frå yrkeslivet til pensjonisttilvære, helseutfordringar og sjukdom, busituasjon/flytting, frå å være to til å bli åleine, vene/familie osb. Me møter stadig forandringar. Andre emne kan vera bekymring. Livet kan vera ganske uføreseieleg.

Hausten 2020, vart det oppretta eit nytt lokalt diakoniutval, ei ressursgruppe innan diakoni på Voss. Nokre pensjonistar, og ein representant frå soknerådet vart kontakta av diakon Sigrid Djukastein Mala. Ho har lenge hatt eit ønske om å laga møteplassar for pensjonistar. Ein plass der ein kan ha nokon å snakke med, og reflektera saman med. Ta opp viktige emne som vedkjem oss. Underteikna tenkte med ein gong at dette ville eg vera med på.

Ressursgruppa har no fått på plass ein handfull gruppeleiarar som har planlagt tema for desse samtalekveldane:

- Ei tid for alt - overgangar i livet
- Når helsa utfordrar oss - korleis meistre?

- Ein struktur på kvardagen - aktivitetsplan og gjeremål
- Bekymring - korleis møta bekymring?
- Nok er nok - kva tek og kva gjev oss energi? Kvar er din ladestasjon?
- Tankens kraft - samanheng mellom tankar, kjensler og handling.
- Takksemd, for kva? - å kunna gje og ta imot. Ein av deltagarane i ressursgruppa er Hilde Blindheim Børve, som ertilsett som spesialrådgjevar ved Nasjonal kompetansetjeneste for læring og mestring innen helse. Ho held kompetansehevande kurs og føredrag innan helsepedagogikk, for helsepersonell og brukarrepresentantar. Dette for å bidra til gode lærings- og meistringstilbod for brukarar og pårørande over heile landet. Ho brenn for den gode samtalen, at vi gjev rom for refleksjon og vert lytta til. Hilde har sin arbeidsplass i Oslo, men er busett og har familie på Voss. Det blir spennande



Bilete frå Unsplash.com

å høyre kva ho har å dele med oss!

Me planlegg å starte opp på nyåret 2022. Me vil samlast på ettermiddag/kveldstid i Prestegarden eller i Vonheim og det vil verta ei enkel bevertning på kvart møte. Vi vil ha eit overordna tema for kvar kveld og gruppeleiarane vil innleie og invitere til samtale.

Annonsering med informasjon om tilbodet og påmelding kjem i løpet av hausten.

Dersom dette kan vera av interesse, ta kontakt med Diakon Sigrid Djukastein Mala tlf 478 49 134 eller sm435@kyrkja.no

Utegudsteneste i Beinhelleren

Tekst og foto: Gunn Horvei

Sundag 22. august laga Nesheim sokneråd til utegudsteneste i Beinhelleren v/Trefall i Eksingedalen. Evanger og Bolstad sokn vart inviterte til å vera med. I eit flott sommarver og i mektig natur vart det halde gudsteneste ved prest Frode Kvamsøe. Ruben Gjertsen spelte piano. Etterpå var det sosialt samvær og medbrakt niste/kaffi. Nokre fekk plukka litt blåbær og ungane kosa seg med å vasste i elva. Ca 45 stk møtte opp til turen og det var ei fin oppleving.



SuperOnsdag

Hausten 2021 vert det SuperOnsdag desse datoane:

29. september

20. oktober

10. november

Arrangementa varer frå 16 til 18 kvar gong og me held stort sett til i Vonheim. Føl med på Facebook for meir informasjon!

Målet er å tilby familiar i alle fasongar eit godt måltid etter jobb, ha aktivitetar for born i alle aldre og styrke foreldre/føresette i foreldrerolla gjennom ei kort og inspirerande undervising. Me vonar at dette arbeidet vil kunne legge til rette for nye relasjonar og bygge bru mellom generasjonar, mellom gudstenester, open barnehage, trusopplæring, og andre fellesskap på Voss.

Helsing til 100-års jubilant

Tekst: Valborg Nummedal

Voss Kvite Band ynskjer å senda ei lita helsing til Gudrun Gjøstein som fylte 100 år den 28. mai. Gudrun vart medlem i Voss Kvite Band i 1944, og har vore eit trufast og godt medlem. Heilt til i 2019 møtte ho alltid fram på medlemsmøta. Ho er no æresmedlem i laget. Kvite Band er ein kristeleg avhaldsorganisasjon for kvinner. Menn kan vera medlem men har ikkje stemmerett. Kvite Band vart stifta i Amerika i 1874 og er ein verdensomfattande organisasjon. Grunnen til at Kvite Band vart stifta var at alkoholmisbruket greip om seg og noko måtte gjerast for å berge heimane. Midt i krigsåra tok modige kvinner her på Voss tak og Kvite Band vart stifta 21. juli 1943. Nå snart 80 år etter er laget framleis i drift. Me er få medlemmer no, og har sterkt ynskje om at fleire ser at Kvite Band kan vera til hjelp, også i dag. Mottoet for Kvite Band er «for Gud, heim og alle folk». Med helsing frå styret i Voss Kvite Band.



Ny kyrkjeleg organisering

Tekst: Arild Hellesøy

Kyrkjerådet sette i 2019 ned eit breidt samansett utval med mandat til å fremje forslag til Kyrkjemøtet om framtidig arbeidsgjevarorganisering og øvrig kyrkjeordning. Kyrkjemøtet sette ned eit breitt samansett utval for ut greie ut denne saka.

Den norske kyrkja er ein kompleks organisasjon med mange organ, stillingskategoriar, tilsette og folkevalde. Til saman utgjer dette ein komplisert organisasjonsstruktur. Målet med gjennomgangen av organisasjonen er at kyrkja skal bli ein betre arbeidsgjevar, at ressursane blir brukt best mogeleg og at ressursar kan bli frigjorte til å møte menneske lokalt, dele evangeliet og vere ein relevant samfunnsaktør i bygd og by.

Dei siste åra har det vore mange endringar i organiseringa av Den norske kyrkja. Ein viktig milepæl var kyrkjelova som trådde i kraft i 1997. Her vart soknet eit sjølvstendig rettslig subjekt, skilt frå kommunen. I 2012 vedtok Stortinget endringar i grunnloven om statskyrkjeordninga og i 2017 vart rettssubjektet Den norske kyrkja oppretta ved endringar i kyrkjelova. Trussamfunnslova trådde i kraft i 2021. Denne lova gjev Kyrkjemøtet ansvar for å fastsetje korleis kyrkja skal organiserast. Kyrkja er såleis blitt eit sjølvstendig trussamfunn med eigen organisasjon.

Arbeidsgjevarorganiseringa

I dag er det to arbeidsgjevarar i kyrkja. Prestane har rettssubjektet Den norske kyrkja som arbeidsgjevar og prost og biskop som overordna. Alle andre tilsette

har Fellesrådet som arbeidsgjevar og kyrkjeverja som overordna. Kyrkjemøtet har sidan 2005 hatt som mål å samle utøvinga av arbeidsgjevaransvaret for alle som arbeider lokalt i Den norske kyrkja.

Prostifellesrådet

Utvalet foreslår opprettning av eit nytt felles kyrkjeleg organ på prostinivå med arbeidsgjevaransvar - inklusive tilsetting - for alle som arbeider lokalt (dagens fellesrådstilsette og kyrkjelydsprestar). Dette såkalla «prostifellesrådet» vil erstatta dagens kyrkjelegefellesråd og overta arbeidsgjevaroppgåver frå bispedømerådet.

Den daglege leiinga i prostifellesrådet vil sjølvsagt verte drøfta. Kva slags kompetanse bør ein dagleg leiar ha i eit så profilert kyrkjeleg organ?

Øvrig organisering.

Andre spørsmål som er drøfta: biskopen si rolle, bispedømeråda si rolle, kyrkjeleg demokrati, val og samansetning, relasjon til kommunane og ny prostiinndeling.

Det er no tid for høyringar. Sokneråda, fellesråda og andre kyrkjelege instansar har høyringsfirst 1. desember. Kyrkjerådet vil handsame høyringsvara og Kyrkjemøtet vil gjera eit prinsippvedtak i 2022. Målet er å gjera eit detaljert vedtak i 2023 og tidspunktet for ikrafttredelser vert ein gong etter det. Presentasjonsfilm og høyringsdokument finns på www.kyrkja.no (Prosjekt Kirkelig Organisering).

Sorggruppe

Ein stad å prate ut

Når ein er med i ei sorggruppe, kan ein dele sine erfaringar med kvarandre, og på den måten hjelpe kvarandre til å koma vidare i livet. Me tek òg opp ulike aktuelle tema knytt til sorg. Mange som har vore med i sorggruppe tidlegare, fortel at det har vore godt å få vera ein stad å få prata ut om dei vanskelege tingar utan å kjenne at dei er til bry for andre. Her er det rom for både glede og sorg.

Sorggruppa vert leia av personar med erfaring i det å samtale med menneske i sorg.

Har du mista ein som stod deg nær dei siste åra, og kjenner på saknet og nokon å dela den med, ta gjerne kontakt med oss!

Samlingar kvar 14. dag over 10 kveldar, i Prestegarden, ved Kyrkja på Voss.

Diakon Sigrid Djukastein Mala, tlf. 47 84 91 34
Sokneprest Cato Torsvik, 97 42 34 59

 <p>VOSS SPAREBANK - skaper verdier for deg og lokalsamfunn www.vossabanken.no - Tlf. 56 52 03 00</p>	 <p>myrkdalен.no</p>	 <p>Vekselbanken - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 <i>- med tilbod til liten og stor</i></p>
<p>Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.</p>  <p>MIA gaver</p> <p>VESTLAND TRAFIKKOPPLÆRING</p>	<p>Me ordnar alt vedrørande dødsfall Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar</p> <p>VIRKE GRAVFERD</p> <p>Vinsands GRAVFERDSBYRÅ Telefon 56 51 11 94 – Telefax 56 51 30 67</p>	 <p>AZETS Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap visma.no/outsourcing</p>
<p>O.L.KYTHE AS entreprenør</p> <p>Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60</p>	 <p>Voss Energi <i>-rein vossakraft!</i></p>	<p>Pianostemmer Voss På tide å stemme pianoet?</p>  <p>pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36</p>
<p>Di annonse her? Ta kontakt med Kyrkjenytt! Send ein e-post til: rk858@kyrkja.no eller ring 952 06 177.</p>	<p>KIWI mini pris Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35</p>	<p>GRAVSTEIN Nye gravmonument, tilføyinger og oppussing – ta kontakt med: STEIN & MERKE Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099</p>
<p>Nordhordland Begravelsesbyrå AS VIRKE GRAVFERD</p> <p>Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no</p> <p>Start utvalg i blomster og gravminne!</p> <p>KYRKJEVegen 1 5911 Alversund</p> <p>FREKAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug</p> <p>AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70</p> <p>Me går saman med deg heile vegen</p>	 <p>Voss Blomster handel Tlf 56 51 31 96</p>	<p>Voss Bokhandel Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16</p>
<p>Din røyrleggjar i sentrum</p> <p>Snakk med Comfort Helge Nikolaisen A/S</p> <p>Installasjon - Service - Vedlikehald Velkommen i butikken! Tlf. 56 51 26 28 Vangsgt. 4, 5700 Voss</p> <p>EIK SENTERET</p>	<p>VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS Vi ordnar alt vedrørande dødsfall. Kransar, oppsatsar og bårebukettar fritt levert til gravferda. Gravmonument. Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766</p>	 <p>vått&vilt Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995</p>
<p>Di annonse her? Ta kontakt med Kyrkjenytt! Send ein e-post til: rk858@kyrkja.no eller ring 952 06 177.</p>	<p>HMMV HMV Maskin EIK Senteret Voss</p> <p>EIK SENTERET</p> <p>Stolte tradisjonar, ny næring</p>	<p>Regimentsvegen 14 5705 Voss +47 56 52 91 30 hmvgruppa.no Verkstad og dellelager</p> <p>Anleggsgartner og trepleiar GUNNAR LILLETHUN Tlf. 901 19 315 - www.lillethun.no</p>

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Voss sokn:

06.06.2021	Theo Lid Kaldenbach
06.06.2021	Knut Kyte
12.06.2021	Iver Gjermo Rode
20.06.2021	Ingrid Karlsen Hellene
20.06.2021	Lea Marie Fjose Brito
27.06.2021	Mathias Havrøy Brekke
29.06.2021	Sunniva Bystøl-Pedersen
04.07.2021	Brage Sandvik Nilsen
04.07.2021	Magnus Brakestad
04.07.2021	Storm Dalatun
18.07.2021	Aslak Hjelle Myren
18.07.2021	Sanna Kyte Flatlandsmo
18.07.2021	Sofie Isabelle Øvretveit-Bøe
29.07.2021	Eirik Teige Tryti
29.07.2021	Casper Horn Fjose
01.08.2021	Tor Mjånes Vedå
01.08.2021	Odin Mjånes Vedå
01.08.2021	Odin Skudal Hernes
08.08.2021	Sara Rekve Velberg
22.08.2021	Hedda Neteland-Solstad

22.08.2021	Emrik Rogne Pedersen
23.08.2021	Bianca Nordheim Eckhoff

Raundalen sokn:

05.07.2021	Sunniva Kløve-Hylland
21.08.2021	Tiril Knapstad Slettemark

Vinje sokn:

06.06.2021	Ludvik Pettersen
27.06.2021	Sivert Slettemark Haukås
25.07.2021	Synva Gjerald
22.08.2021	Eiliv Gjerde

Oppheim sokn:

04.07.2021	Kora Moberg Jordalen
04.07.2021	Edvin Måge Pettersen
28.08.2021	Finn Grasdalsmoen

Evanger og Bolstad sokn:

25.07.2021	Oliver Bolstad Skjerveggen
01.08.2021	Johann Hellesøe Bolstad

Granvin sokn:

06.06.2021	Halldor Reisæter Kjerland
20.06.2021	Kornelius Hamre

VIGDE

Voss sokn:

12.06.2021	Jannike Gjermo og Tore Rode
24.06.2021	Dominika Samakova og Gaute Brekke
16.07.2021	Merete Lepsøe Andreassen og Jan Cato Andreassen
17.07.2021	Torgunn Skaalen Berg og Jens-Petter Bakken Erichsen
17.07.2021	Synne Hagatun-Lahlum og Mary-Ann Flores-Strand
31.07.2021	Ingeborg Gjeraker Hellene og Stian Fredrik Karlsen
07.08.2021	Helene Angelica Markhus og Sindre Bjørke Wergeland
14.08.2021	Ester Alida Vold og Svein Gjerdåker
14.08.2021	Grete Andersen og Odd Sundet

21.08.2021	Lene Vevletveit Birkeland og David Spilde Nyre
21.08.2021	Randi Mona Århus og Ole Morten Repål
04.09.2021	Tonje Ormark og Odd Inge Kallestad
04.09.2021	Cecilie Halrynjø Fyllingslid og Morten Grina Myhre

Evanger sokn:

18.07.2021	Karin Akerlie og Einar Magne Horvei
------------	-------------------------------------

Raundalen sokn:

21.08.2021	Mari Aas Opkvitne og Olve Knapstad Hirth
------------	--

Vinje sokn:

21.08.2021	Bente Iren Teigland og Tord Fester
04.09.2021	Hanna Skjervheim Bernes og Ørjan Johnsen Mjanger

DØDE

Voss sokn:

10.06.2021	Konrad Sørheim f. 1931
11.06.2021	Eivind Johan Kvalvåg f. 1931
12.06.2021	Arne Skorpen f. 1945
18.06.2021	Kristine Fenne f. 1924
24.06.2021	Klavdia Zinovyeva f. 1915
03.07.2021	Jan Ingvar Hansen f. 1942
08.07.2021	Nils Arvid Tillung f. 1956
18.07.2021	Harald Hansen f. 1933
18.07.2021	Solveig Heggland f. 1930
23.07.2021	Ingebjørg Hillestad f. 1929
04.08.2021	Magne Vivås f. 1945
10.08.2021	Alvhild Hauge f. 1937
19.08.2021	Ivar Hirth f. 1920
21.08.2021	Oddvar Haga f. 1955

21.08.2021	Brita Rørlien f. 1924
24.08.2021	Hildegunn Dolve f. 1963
25.08.2021	Valborg Margit Draugsvoll f. 1925
29.08.2021	Inger Lekve f. 1934
05.09.2021	Svein Arve Bæra f. 1957
05.09.2021	Borghild Skjervheim f. 1926

Granvin sokn:

18.06.2021	Ivarina Kvalem f. 1918
20.06.2021	Maja Urszula Pazik f. 1978
16.08.2021	Elisabeth Nielsen Brotnov f. 1925

Oppheim sokn:

07.07.2021	Martin Øvsthus f. 1925
20.07.2021	Alf Kvarme f. 1936
10.08.2021	Alvhild Hauge f. 1937

C BLAD

FULLDISTRIBUSJON

Kyrkjenytt for
Vossabygdene
PB 49
5701 VOSS

Gudstenesteliste

Vangskyrkja:

- 26.09 kl 1100** Gudsteneste. Presentasjon årets konfirmantar, Skjeldal og Leksbø.
26.09 kl 1600 Gudsteneste for små og store. (**Obs - Vonheim**) Velsvik.
03.10 kl 1100 Gudsteneste med dåp. Høsttakkefest. Sandvik.
10.10 kl 1100 Gudsteneste med nattverd. Misjonssøndag. Sandvik.
17.10 kl 1100 Gudsteneste med dåp og nattverd. Øystese.
24.10 kl 1100 Gudsteneste med nattverd. Hellesøy.

Evanger kyrkje:

- 03.10 kl 1700** Hausttakkefest og konfirmantpresentasjon. Kyrkjekaffi. Kvamsøe.
07.11 kl 1100 Minnegudsteneste. Kvamsøe.

Bolstadøyri bedehus:

- 24.10 kl 1700** Gudsteneste med nattverd. Skutlaberg.
28.11 kl 1100 Gudsteneste. Kvamsøe.

Vær merksam på at det kan kome endringar på oppsett gudstenesteliste!

**Føl med i Avisa Hordaland eller på nettsida vår:
voss.kyrkja.no.**

Granvin kyrkje:

- 26.09 kl. 11:00** Konfirmasjonsgudsteneste v. Bengt Staffan Arvidsson og Magnar Haaland Offer: Kyrkjelydsarbeidet,
10.10 kl. 11:00 Hausttakkefest v. Jarle Veland, Offer: Blå Kors i Norge
31.10 kl. 11:00 Gudsteneste v. Magnar Haaland, Offer: Indremisjonssamskipnaden
- Vinje kyrkje:**
26.09 kl 11:00 Hausttakkefest og T3. Torsvik.
03.10 kl 11:00 Gudsteneste med nattverd, 150 års jubileum. Hellesøy, Thaule, Torsvik, Hove.
17.10 kl 11:00 Gudsteneste med dåp. Torsvik.

Oppheim kyrkje:

- 03.10 kl 19:30** Gudsteneste med nattverd, 150 års jubileum. Hellesøy, Torsvik, Thaule.

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!!

Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon og skann denne qr-koden anten med ein qr-app eller via kamera (Apple-produkter).

Aktivitetskalender

T-dagar:

- 25. september:** T3, undretur for Voss sokn. I Vangskyrkja.
26. september: T3, undretur og T4, utdeling av barnebibel for Oppheim og Vinje sokn. I Vinje kyrkje.
3. oktober: T2 Krølletreff for Evanger, Granvin, Raundalen og Voss sokn. I Vonheim.
8. oktober: T12/T13 Movienight- Narnia for Evanger, Granvin, Raundalen og Voss sokn. I Vonheim.

Seniortreff i Vonheim:

- 12. oktober kl 12-14.**
9. november kl 12-14.
Meir info i Avisa Hordaland når det nærmar seg.

Superonsdag:

- 29. september kl 16-18**
20. oktober kl 16-18
10. november kl 16-18

Vær merksam: Det kan kome endringar i alle planlagte aktivitetar grunna korona-pandemien. Føl med i avis Hordaland og på nettsida vår: voss.kyrkja.no